Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Madla

Emne: Ymse attåtfôr

Bygdelag: Sunde

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Sunde

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Knut K. Sunde, Madla, bonde, f. på Sunde 1887.

SVAR

I

A og B. Ukjent.

II.

A og B. Kyrne likar godt tang og tare og et på den når dei kan koma til, men K. K. S. kjenner ingen som har sanka den til fôr.

III Ukjent

IV. Ukjent.

V. ~~K. K. S.~~

1. K. K. S. kjenner ikkje til at dei har gitt kyrne kokt mat.

2. Dei hadde ei tönne ståande i fjoset. I denne blöytte dei hakk, let det stå frå kvelden til morgonen eller frå morgonen til kvelden. Så fekk kyrne hakket i stampar med mjöl på. Sjå elles nedanfor sp. 5 og 6. Dei kunne og blöyta hakket i sjölve stampane. – Dersom dei slo lyng, hakka dei den og blanda den med halmhakket, sjå svar på spl. 10.

3. Kyr som mjölk hadde bore, fekk varmt vatn over hakket, elles berre kalt.

~~5~~4. I den tid K. K. S. var gutunge, kom det ein del ukjent at dei har mykta [?] roguebor.

13451

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eplerev, n (potetrev) frå Stavanger. Kor dei fekk tak i det, veit han ikkje. Dei slo det på bakket.

6. K. K. S. og mange med han, har kjøpt mykje drav på Stavanger. Det var svært vanleg like fram til ~~Ku~~siste krigen. Dravet slo dei på bakket. K. K. S. reknar det for svært godt fôr.

7. Dei varma vatnet i åi brunngryta og blanda det så med kalt til det vart linka. Dei kunne ha ein høydott i brunngryta, men dersom dei hadde eplelauv, så nytta dei det – hadde ein vondel eplelauv oppi. Då fekk dei eplelåg.

Dei skar eplelauvet med sigd, bunta det og la det over steingarden, snudde og vende på det til det var turt. Så la dei det i løa.

Kyrne likte eplelågen svært godt. Lauvet gav dei til kyrne.

VI. Som regel gav dei kyrne salt sild kvar vinter. Vanleg rasjon var ei salt sild om dagen. K. K. S. har òg kjøpt myrkje ansjos-avfall til kyrne hjå Bjelland i Stavanger. Kyrne fekk god matlyst av silda og dei mjølka godt, men K. K. S. greidd at mjølka vart i lyenaste laget.